

Børsdalsnissen - populær blant våre nye landsmenn.

10.12.2014



Børsdalsnissen har travle tider og er kjempepopulær!

Børsdalsnissen er inne i den absolutt travlaste perioden i året. Han held høgt tempo, men det taklar han særskilt godt. Det ser ut som den populære nissen hentar energi gjennom alt det kjekke han opplever i møte med dei snille barna. I går kveld dukka Børsdalsnissen opp på Vaksenopplæringa sin julefest som samla deltakarar frå nær 30 nasjonar.

Det var tydeleg at Børsdalsnissen stortrevst i det gode selskapet han opplevde der. Han både hoppa og spratt, song nissesongar og fortalte gode nissehistoriar. Dette var tydeleg populært både blant alle borna som samla seg rundt han, og blant dei vaksne. Borna fekk også både kjenne på skjegget til nissen og studere treskoa hans. Til slutt fekk alle dei glade barna kvar sin pakke av den snille Børsdalsnissen.

Blitzlampane blinka tett, og truleg er det no sendt biletar av den kjære nissen vår rundt om til mange nasjonar i mange verdkrokar.



Hanna(5 år) som bur i Beinavikjo kosa seg på festen saman med tante Monika medan foreldra (frå Polen) var travelt opptatt heime i nykjøpt hus.

Børsdalsnissen var eit av fleire høgdepunkt på den årvisse julefesten til Vaksenopplæringa der deltakarar frå mange land skapte ein spesielt god stemning. Både born, ungdommar og vaksne storkosa seg. På programmet stod lystenning, nydeleg song av Diani Garcia frå Mexico, leikar, allsong, og ei matøkt som var i ein klasse for seg.

Det var først eit formidabelt koldbord med fantastiske rettar, både varme og kalde, med skikkeleg internasjonal sus over! Kvar deltakarfamilie stilte nemleg med kvar sin nasjonale rett. Ja, nokre stilte med fleire rettar. Det vart ei smaksoppleveling utan like, og eg tar ikkje munnen for full når eg utropar det til Kvinnherads beste og mest spennande koldbord! Etterpå var det kaffi og masse gode kaker.



Mexikanske Diani Garcia som imponerte uskedelingane slik på konert på Stemnepllassen i sommar overbeviste igjen med stemmeprakta si!

Eit høgdepunkt var og avslutninga på festen med juletregang. Med tre ringar rundt treet viste både dei yngste og dei vaksne, uavhengig av religion, at dei kunne dei norske julesongane. Særleg imponerte dei mange ungdommane! For ein herleg stemning dette skapte i kulturhussalen!

Tekst foto og nett: Thor Inge Døssland.